

Retningslinje for utnemning av æresdoktor ved Høgskulen på Vestlandet

Innhald

1. Om æresdoktorgraden
2. Kriterium for utnemning av æresdoktor
3. Nominasjonsprosess
4. Gjesteførelsing, festmiddag og doktorpromosjon
5. Om saksbehandlinga
6. Moglegheit for å trekke tilbake eit æresdoktorat
7. Om rutinen

1. Om æresdoktorgraden

Retten til å tildele graden æresdoktor er heimla i UH-lova § 3-9:

Universitet og høgskular som kan tildele doktorgrad, kan på doktorgraden sitt fagområde tildele graden æresdoktor (doctor honoris causa) for betydningsfull vitenskapelig eller kunstnarisk innsats eller for framifrå arbeid til gagn for vitskapen eller kunsten.

Æresdoktorat er eit heidersteikn til personar som har gjort ein betydeleg innsats innan forskning, utdanning, kunst eller samfunnsliv. I vurdering vil det i tillegg bli tatt omsyn til:

- Om utnemninga fremjar høgskulen sin strategi og overordna mål
 - Utdanning og forskning for samfunns- og arbeidslivet
 - Ei sterk innovasjonskraft
 - Ein ambisiøs samfunnsaktør
- At utnemninga til æresdoktor over tid kjem til å gjenspegle mangfaldet¹ og breidda i høgskulen sine mange fagmiljø.

Æresdoktorat blir tildelt av styret, utan krav om at kandidaten har forsvart ei doktoravhandling i disputas. Tildeling av æresdoktorgrad kan berre skje innanfor dei fagområda der høgskulen har rett til å gje ordinær doktorgrad¹.

Tildeling/utnemning av graden æresdoktor skjer kvart andre år eller når styret finn ut at eit jubileum eller anna høve bør markerast på denne måten.

¹ Eks. alder, kjønn, etnisitet, geografi, kulturell bakgrunn, fagfelt og ekspertise

2. Kriterium for utnemning av æresdoktor

- Det er ikkje noko vilkår at den som blir utnemnd til æresdoktor, har gjort eller kan forventast å gjere ein spesiell innsats for Høgskulen på Vestlandet. Likevel bør slik innsats, typisk av langvarig verdi for fagleg samarbeid eller nettverksbygging, bli tillagt vesentleg betydning ved avveging mellom fleire kandidatar. Ved val av kandidatar og i grunngjevinga for forslaga, bør dette vektleggast.
- Sjølv om det er legitimt å føreslå personar som har det alt vesentlege av sin meritterande innsats bak seg, bør fakulteta forsøke å finne fram til kandidatar som er på høgda av sin karriere.
- Tilsette ved Høgskulen på Vestlandet bør ikkje bli utnemnde til æresdoktor. Det same gjeld emeriti frå stillingar ved høgskulen.
- Tilsette ved norske universitet og høgskular bør berre bli utnemnde når det finst særlege gode grunnar for det.
- Personar som har sin ordinære doktorgrad frå Høgskulen på Vestlandet, kan berre unntaksvis utnemnast, og berre dersom alt vesentlege av vedkommande sin innsats ut over doktorgraden har funne stad utanfor Høgskulen på Vestlandet.

3. Nominasjonsprosess

1. I god tid (ca. et år) før utnemninga skal finne stad, ber rektor om at fakulteta fremjar forslag til kandidatar innan ein gitt frist.
2. Det enkelte fakultet føreslår inntil 3 kandidatar innanfor sitt faglege ansvarsområde til rektor.
 - Forslag til kandidatar skal vere forankra i fagmiljøet, kjønnsbalansert og i prioritert rekkefølge.
 - Forslaga skal innehalde opplysningar om dei føreslåtte sin personalia, vitskapelege/kunstnariske arbeid og/eller annan aktivitet som kan ha betydning for vurderinga, i tillegg til grunngjeving.
3. Rektor fremjar forslag om tildeling til styret, på bakgrunn av forslag frå fakulteta. Forslaget skal følge dei ovannemnde kriterium og vilkår.
4. Styret fattar vedtak.
5. Når styrevedtak er klar, skal vedkommande underrettast om vedtaket, med oppmoding om å bekrefte om han/ho aksepterer tildelinga av æresdoktorgraden.
6. Tildeling/kreering av æresdoktor skjer normalt i tilknytning til den ordinære doktorpromosjon eller eit anna festmøte.
 - Utnemning skal berre skje dersom vedkommande er til stades. Styret kan i særlege tilfelle gjere unntak frå dette og bestemme om kreering i så fall skal skje.

4. Gjesteførelsing, festmiddag og doktorpromosjonen

Gjesteførelsing

- Respektivt fakultet og fagmiljø er
 - Fagleg og sosialt vertskap for sine æresdoktorar, i tillegg til kontaktperson for æresdoktoren i samband med besøket og arrangementet.
 - Ansvarleg for å arrangere æresdoktoren si gjesteførelsing/samtale som gjerne finn stad dagen før doktorpromosjon. Gjesteførelsinga/samtalen kan gjerne inngå i eit større fagleg arrangement.

Festmiddag

- Rektor inviterer æresdoktorane til middag kvelden før doktorpromosjonen. Her deltar også forslagsstillarane og representantar frå fagmiljø og universitetsleiing.

Doktorpromosjon

- Heiderstale for æresdoktor for å anerkjenne kandidaten sitt bidrag og presentasjonar – forslagsstillar eller respektivt fagmiljø
- Overrekking av diplom / sertifikat og medalje / utmerking – rektor
- Æresdoktorane kan gjerne bere kappe slik rektor og dekanane gjer på doktorpromosjonen.

5. Om saksbehandlinga

Alle dokument som gjeld behandlinga av forslag til æresdoktor, er unntatt offentlegheit inntil det tidspunkt då styret har fatta sitt vedtak i saka. Opplysningar om kven som har vore vurderte, men ikkje blitt tildelt ærespris er unntatt offentlegheit også etter vedtaket. Jf. offentleglova § 26. 2. avsnitt².

6. Moglegheita til å trekke tilbake eit æresdoktorat

Styret har anledning til å trekke tilbake eit æresdoktorat dersom den utnemnde person har opptreidd på ein måte som er uforeinleg med høgskulen sitt verdigrunnlag. Med dette meiner ein særlege handlingar eller ytringar som strid mot grunnleggande humanistiske og demokratiske verdiar, menneskerettigheitene, akademisk ærlegdom og integritet, eller som på annan måte undergrev tilliten til vitskap, profesjonsutøving eller samfunnsansvar.

Tilbaketrekking kan mellom anna vere aktuelt i følgjande tilfelle:

² Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar om kven som skal få ein pris, eit heidersteikn eller liknande inntil tildelinga er gjort. For opplysningar om kven som har vore vurdert for ein pris, eit heidersteikn eller liknande, gjeld dette også etter tildelinga.

- Feilaktig grunnlag for tildelinga
Ved tildelingstidspunktet var det forhold eller omstende som var ukjende, eller som ikkje vart tilstrekkeleg vurderte, og som i ettertid viser at den utnemnde ikkje tilfredsstillar dei krav høgskulen stiller til respekt for menneskerettigheiter, demokratiske og humanistiske verdiar eller akademisk ærlegdom.
- Nye opplysningar
Etter tildelinga kjem det fram nye, dokumenterte opplysningar om handlingar eller åtferd som er i strid med dette verdigrunnlaget. Til dømes brot på menneskerettigheitene, korrupsjon, vitskapleg uærlegdom, alvorleg uetisk praksis eller andre forhold som medfører vesentleg omdømmetap for høgskulen og undergrev institusjonen sine verdiar.

Kva som i det enkelte tilfellet skal bli sett på som særleg graverande omstende, blir vurdert konkret av styret.

7. Om rutinen

Ansvar	Rektor
Versjon / dato	1.0 / dato